DET
NORSKE
TEATRET

PRESENTASJON

# STRØYMING AV FRAMSYNINGAR

DET NORSKE TEATRET



DET
NORSKE
TEATRET

# Visjon: Landets viktigaste teater

Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjert repertoar skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

Det Norske Teatret skal vere eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søkjer for både refleksjon og underhaldning.

DET NORSKE TEATRET

# Teateret som når ut

- Det Norske Teatret skal nå eit stort og samansett publikum, og rekruttere nye grupper til teateret. Vi skal spegle samfunnet vårt både på scenen og i salen
- Det Norske Teatret skal nå ut til heile landet i samarbeid med andre teater og nærskylde organisasjonar
- Det Norske Teatret skal delta aktivt i internasjonalt teatersamarbeid gjennom nettverk, festivalar og utveksling av framsyningar
- For å utfordre og utvikle teateret skal vi trekke til oss dei beste kreftene frå inn- og utland

DET NORSKE TEATRET

# Innleiing: om strøymeprosjektet

Da Det Norske Teatret måtte stenge ned i mars 2020 grunna korona-pandemien, ønska vi å vere tilgjengeleg for publikum på digitale plattformar. I løpet av 2020 har vi testa ut ulike plattformar, framsyningar og kommunikasjonsmodellar.

Fase 1: Eit digitalt tilbod kvar veke.

Fase 2: Direktestrøyma teater.

DET NORSKE TEATRET

# Fase 1: digitalt tilbod

Konsept: Innafor

Periode: våren 2020 (mars-juni)

Pris: Gratis for publikum.

Plattform: Facebook, og på nettsida til teateret.

Innhald: filma framsyningar, filma nytt innhald, høyrespel, bikubekveld.

DET
NORSKE
TEATRET

# Digitalt teater: *Solaris korrigert*






DET
NORSKE
TEATRET

# Digitalt teater: *Utafor*






DET NORSKE TEATRET

# Høyrespel: *Haugtussa*






DET NORSKE TEATRET

# Digitalt teater: *Abrahams barn*






DET NORSKE TEATRET

# Fase 2: direktestrøyma teater

Periode: hausten 2020 (september-desember)

Pris: Betalande publikum (pris 80-250 kr)

Plattform: Nettsida til teateret

Anbodskonkurranse for utvikling av plattform og produksjon av direktestrøyming.

Framsyningar: *Bienes historie* og *Villanda*

DET NORSKE TEATRET

# Digitalisering - ein måte å syne fram skodespel på norsk mål i bygd og by?

## Direktestrøyming

No kan du sjå Bienes historie på mobil, PC, TV, via Chromecast eller AirPlay! Direktestrøyminga startar samtidig som framsyninga på scenen, men det går ikkje an å sjå i opptak seinare. - Korleis strøymer til eg til TV med Chromecast? Svar på dette og mykje meir under Ofte stilte spørsmål!

Kjøp billettar    Dine strøymebilletar



DET NORSKE TEATRET

# Kva ville vi ha?

**Plattform**

- Ein plattform for direkte digital strøyming av 5 eller fleire framsyningar av musikalen *Bienes historie* til eit publikum maksimalt avgrensa til Skandinavia hausten 2020.
- Integrasjon av strøymeplattform mot nettsida www.detnorsketeatret.no (visuell utforming etter DNT sin designmal) og betalingsløysing.
- TRY Apt vann anbodskonkurransen.

**Direktestrøyming**

- Kameraproduksjon/direkteoverføring av lyd og bilde i høg kvalitet til strøymeplattform frå Hovudscenen på Det Norske Teatret samstundes som det er publikum i salen.
- SVAI vann anbodskonkurransen.

Prosess i juni og juli 2020.

DET
NORSKE
TEATRET

# Kommunikasjon

Facebook og Instagram
Digitale annonser
Native annonsering
Nyheitsbrev

Samarbeid med:
OBOS
Noregs Ungdomslag
DNOB
Aschehoug
ByBi
Plantasjen
Med fleir

URPREMIERE

Klar for urpremiere frå eiga stove? Har du stroke skjorta og fylt opp kjøleskapet? Vi sender direkte til deg frå klokka 19.00 med premieresamtale mellom Maja Lunde og Annette Orre. 🐝

Om du er usikker på om du tør å oppleve teater frå sofaen, kan du jo lese kva teatersjef og regissør Erik Ulfsby tenkjer om det heile!



DETNORSKETEATRET.NO

**Ta på deg finskjorta! I kveld skal du på urpremiere frå sofaen. |...**

DET NORSKE TEATRET

# Undersøking til dei som så strøyminga

## Direktestrøyming av Bienes historie – gi oss ei tilbakemelding

257 Svar 05:20 Gjennomsnittlig tid for å fullføre Aktivt Status

1. Kor nøgd er du med Direktestrøyming av Bienes historie? *

| | |
|---|---|
| 6 - svært nøgd | 89 |
| 5 | 82 |
| 4 | 44 |
| 3 | 19 |
| 2 | 8 |
| 1 - svært misfornøgd | 14 |
| Veit ikkje | 1 |



DET NORSKE TEATRET

# Kven er publikum?

- Ca 1200 såg *Bienes historie* frå stua si første helga.
- Etter 4 strøymingar så langt i haust er publikumstalet om lag 4000.
    - I dette talet er det dei som har kjøpt billett enkeltvis, dei som har kjøpt gruppebillett (ca. 400 stk.) og skole (ca. 1350 stk.)
- I løpet av hausten har vi aktivt oppsøkt nye grupper for oss:
    - Kulturhus/litteraturhus/bibliotek
    - Eldresenter/helsesenter
    - DKS/skolar utanfor austlandsområdet.
- Vi har samarbeida om distribusjon og billettfond med OBOS og Kavlifondet.
- For skole har vi samarbeida med DKS Oslo, Asker og Vestland.
- Vi har tre strøymingar igjen: ein *Bienes historie* og to *Villanda*.

DET NORSKE TEATRET

# Førebels evaluering

- Direktestrøyming har vore eit interessant innovasjonsprosjekt, og ein del av ei investering i ein plattform for sal av digitalt innhald for framtida.
- Strøyming av teater er ein måte å kompensere for at vi ikkje kunne ha publikum i salen store delar av 2020, og på den måten oppfylle vårt samfunnsoppdrag.
- Det er også ein unik moglegheit til å nå ut til eit for oss nytt publikum i heile Skandinavia.
- Undersøkingane vi har sendt ut til publikum har vist at dei i all hovudsak er svært nøgd med tilbodet.
- Det å produsere opp ein urpremiere saman med DNOB og samtidig gjere noko vi aldri har gjort før - å legge inn direktestrøyming med eit produksjonsteam som skulle gjere sin kameraregi samstundes som vi la vår «eigen», - var krevjande og risikabelt.
- Fordi dette var eit pilotprosjekt, med mykje usikkerheit knytt til seg, venta vi til etter premieren med å aktivt hente inn nye publikumsgrupper.
- Vi har måtte avlyse og flytte to av dei planlagde strøymingane pga. 1) skade i balletten og 2) koronakarantene i balletten.

DET NORSKE TEATRET

# Førebels evaluering

- Vi undersøker moglegheit for å kunne strøyme andre framsyningar.
- Eit opplagt hinder i å gjere dette til eit fast tilbod, er rettane knytt til framsyningar. Eit viktig premiss for å få til *Bienes historie*, var at det var «live».
- Den digitale plattformen vi har fått utvikla til nettsida vil vi også fylle med anna type innhald:
    - Digitale omvisingar
    - Innsikt
    - Podkast
    - Program

DET
NORSKE
TEATRET